

Lippedal

FISKERIDIREKTORATETS SMÅSKRIFTER 1968 NR. 1

REGULERING AV
INTENSITETEN I NORSK
FISKE I DAG

AV
KLAUS SUNNANÅ

FISKERIDIREKTØREN
BERGEN 1968

Frå Fiskets Gang nr. 51, 1967.

Denne artikkelen er innholdet av eit foredrag som fiskeridirektør Klaus Sunnanå heldt på representantskapsmøtet i Fiskebåtredernes Forbund i Bergen den 6. desember 1967. Fiskeridirektøren heldt også foredrag om same emnet på årsmøtet i Rogaland Fiskarlag i Stavanger den 17. november 1967.

Dei problem som det norske fiske står framfor i dag og som har ført til kriseliknande tilstander i visse deler av norsk fiskerinæring har samanheng med den internasjonale utviklinga i fisket i den seinare tid. Dersom vi vil finne grunnane til dei vanskar vi har og kanskje også finne grunnlag for løysing av problema, må vi ha kjennskap til korleis det internasjonale fisket og den internasjonale handel med fiskevarer har utvikla seg i den seinare tid.

I dei siste 17—18 åra har verdens fiskefangst i havet hatt ein enorm auke. Den har stege frå ca. 18 mill. tonn i 1949 til ca. 26,6 mill. tonn i 1958 og vidare til ca. 50 mill. tonn i 1966. Etter 1964 har auken ikkje vore så sterk. I 10-års perioden frå 1949 til 1958 var den gjennomsnittleg 6,4 % pr. år og i tida 1958 til 1964 var den heile 8,1 % pr. år. I 1964 og i 1965 sto fangsten stille på ca. 45 mill. tonn, men auka i 1966 til ca. 50 mill. tonn.

I 1957 fiska Peru berre 300 000 tonn alt i alt, men hadde 7 år seinare, dvs. i 1964 ein fangst på over 9 mill. tonn. Den gjekk ned til ca. 7 mill. tonn i 1965, men steig igjen i 1966 til bortimot 9 mill. tonn. Denne auken saman med auken i fisket i Chile,

på ca. 1 mill. tonn, representerar omtrent halvparten av auken i verdsfisket frå 1958 til 1964. Dette har samanheng med at dei store mengdene av ansjovietta utanfor Peru, som ikkje tidlegare var utnytta ved vanleg fiske, blei gjort til gjenstand for fangst for produksjon av fiskemjøl. Denne fisken kan berre brukast til fiskemjøl. Difor er omtrent heile fisket i Peru einssidig bygd opp på fiskemjølproduksjon. Produksjonen i Peru representera i dag ca. 40 % av heile produksjonen av fiskemjøl i verda.

Ein annan auke i fangsten frå 1959 til i dag som det er verd å leggje merke til, er Sovjets aukande fiske. Det auka frå 2,7 mill. tonn i 1959 til 5 mill. tonn i 1966. Denne auken kjem seg ikkje av at Sovjet har tatt i bruk uutnytta fiskeforekomster i sine egne farvatn. Den er komen i stand ved at Sovjet har tatt i bruk dei fremste teknologiske resultat som vi i dag har når det gjeld fangst og tilvirking av fangst på sjøen. Ved hjelp av denne teknikken har Sovjet i dag utvida sin aksjonsradius til alle verdenshava. Dei har bygd opp ein stor flåte av fabrikkskip og frysetrålalarar som i dag opererer på alle hav. Sovjet har dessutan tatt i bruk den mest avanserte havforskning som blir sett inn for å granska mulighetene for fiske i dei ulike deler av verdenshava før fiske blir sett i gang.

Det er også fleire europeiske land som i denne perioden har auka sin fiskefangst. På fangstfeltet i det nordvestlege Atlanterhavet opererer i dag fiskefarty frå 15 nasjonar. Mesteparten av desse er europeiske. Ved Vest-Afrika har det også vore ein stor ekspansjon i dei siste 7—8 åra med fiskefarty både

frå Europa og Afrika og frå Japan. Dessutan har kystfisket i ein del asiatiske land, serleg i Aust-Asia, også auka.

På om lag 20 år er fiskefangstane frå sjøen over tredobla. Ein ser stadig opplysningar om at fiskefangstane kan aukast ennå meir og at havet vil kunne gje store mengder mat som vil kunne avhjelpa proteinmangelen i store deler av verda, og hjelpe til å skaffe mat til ei stadig aukande folkemengd. Det er likevel eit faktum at den tredobling av fangsten som har skjedd frå 1948 til 1966 ikkje på nokon måte har tredobla den mengd fiskevarer som går til folkemat som fisk. Om lag 25 mill. tonn fisk, dvs. ca. halvparten av fiskefangsten i verda går i dag til fiskemjøl som berre brukast til krøtermat — mot ca. 20 % i 1948.

Den auken i verdsfisket som eg nemnte, frå ca. 18 mill. tonn til 50 mill. tonn på knapt 20 år, er for det meste sildeliknande fisk, såkalla clupeoide fiskeslag. Desse fiskeslaga utgjorde i 1948 mindre enn 5 mill. tonn, men var i 1966 over 20 mill. tonn. Ein stor del av fangsten som er kalla «forskjellig slags fisk» er også sildearta fisk. Det er fleire grunnar til dette.

For det første er årsaka den at når ein ser alle verdshav under eitt og prøver å finne ut kva slags fisk som lever der, vil ein sjå at det er mykje meir sildearta eller pelagiske fiskeslag i havet enn andre sorter fisk og levande organismar som det i dag er fiska på. For det andre har dei sildearta fiskeslaga ein tendens til å samlast i store stimar som gjer det mulig å fiske dei i store mengder med dei mest

effektive reidskaper, først of fremst med nøter som kan arbeide på opne havet. Dette betyr at utgiftene til fangsten blir mindre, slik at sildearta eller annan pelagisk fisk er billigare pr. kvantumseining enn annan fisk.

Den tredje årsaka er at utviklinga av husdyrbruket i dei mest progressive deler av verda har gått i retning av vitskapeleg planlagd fóring av alle slag husdyr. Til slik fóring krevs ei viss mengd animalsk protein. Både når det gjeld pris og andre eigenskaper er det ein føremun å bruke mjøl som er laga av fisk eller sild til dette formålet. Mesteparten av dette mjølet er laga av pelagiske fiskeslag, som ansjos, sardinella, sild, lodde og makrell. Denne utviklinga innan husdyrbruket har gått raskt for seg i dei siste 10—15 ára. Det er grunn til å tru at husdyrbruk basert på denne fóringmetoden også vil spreie seg over andre deler av verda. Ein kan difor rekne med at det i og for seg vil bli aukande etterspurnad for fiskemjøl og sildemjøl til dette formålet, — dersom prisane kan haldast på eit slikt nivå at ikkje andre proteinkjelder kan konkurrere for sterkt. Dette siste er overlag viktig. Vi kan rekne med å kunne selje aukande mengder fiske- og sildemjøl — men til låge prisar. Men vi bør vere klår over at krøterfórindustrien arbeider iherdig med spørsmålet om å erstatte naturproduktene, fiske- og sildemjøl, med kunstige tilsetjingar til vegetabiliske oljekaker. Konkurransen her blir truleg til sjuande og sist eit prisspørsmål.

Den delen av fangsten som går direkte til folke- mat har på ingen måte auka tilsvarende med auken

i det totale verdensfisket. Av auken i fiskefangsten i verda frå 1958 til 1966 gjekk $\frac{2}{3}$ til fiskemjøl. Størsteparten av fiskefangsten må gå via husdyrmagen for å kunne bli folkemat. Dette er ei utvikling som vi kan gå ut frå vil halde fram, og krevje meir og meir animalsk protein. Mange av dei fiskeslaga som det her er tale om, f. eks. ansjovietta som fiskast utanfor Peru, kan i dag med den teknikken som står til rådighet ikkje brukast til anna produkt enn fiskemjøl.

Ein må ikkje sjå bort ifrå at løysinga på problemet om bruk av fiske- og sildefangstene vil bli at det moderne husdyrbruket også vil vinne innpass i utviklingslanda og auke bruken av fiskemjøl til krøtermat på den måten.

Ein vidare vekst i verdensfisket vil måtte konsentrera seg om dei sildearta og pelagiske fiskeslaga og kanskje også anna levande i havet som står ennå lågare på det biologiske utviklingstrinn, og som ikkje kan brukast beinveges som folkemat. Ein har heller ikkje i dag til rådvelde ein slik produksjonsteknikk og slike markeder at det vil vere råd å bruke slike fangster til folkemat.

I den vestlege verda har markedene for fisk som går direkte til folkemat ikkje auka i pakt med utviklinga av fisket. I dag kan vi tala om overproduksjon av matnyttig fisk, og dette ser ikkje ut til å vere eit forbigåande fenomen. Aukande levestandard fører alltid til at bruken av fisk går ned på same måten som bruken av brød.

Den utviklinga som vi har hatt i verdsfisket i dei seinare år og som eg har prøvt å skissere i grove trekk, har gått heilt planlaust for seg — i alle høve internasjonalt og til dels også nasjonalt. Slik er det også her i landet. I internasjonal målestokk har ein ikkje tatt omsyn til kor stor avkastning dei ymse fiskebestandane kan yte utan å gå tilbake. Ein har heller ikkje tatt omsyn til kva markedene kan absorbere. Når ein tenkjer på at produksjonen i verds- målestokk av silde- og fiskemjøl er blitt femdobla på dei siste 10 åra, må vi vedgå at det er eit under at det har gått så bra som det har. Det er i alle fall lett å forstå at prisane har falle sterkt.

Vi står i dag i norsk fiskerinæring etter mi meining framfor dei største og mest inngripande problem som norsk fiskerinæring i det heile har hatt. Vi har tidlegare gått ut frå at dei geografiske fiske- tilhøva her i Norge, med eit relativt fiskerikt hav heilt inn til kysten, representerte store fordeler for norsk fiske og norsk fiskerinæring. Det har vore slik tidlegare. Det er mange som trur at dette framleis er tilfelle. Eg er redd for at vi må forsonc oss med at dette ikkje er slik lenger.

Det held på å skje ei strukturendring i alt som heiter fiske, slik at det som ein tidlegare har rekna som komparative føremuner for Norge og f. eks. for Island ikkje er det lenger. Den teknologiske utviklinga har eliminert alle desse føremunene. Fiske- rikdomane nær kysten er rett nok blitt sterkt reduserte, men bortsett frå dette, kunne dei vere like verdifulle som før. Det nye er at dei også er blitt like verdifulle for andre enn oss. Kven som helst

kan fiske her like lønsamt som vi kan gjere. Dei såkalla komparative føremuner som vi hadde er eliminert. (Dette gjeld ennå ikkje heilt for dei fiske-slagane som berre brukast til produksjon av fiske- og sildemjøl, fordi ein ennå ikkje kan drive lønsam storproduksjon av slikt mjøl i flytande fabrikkar på havet.)

Det er ei utslag av dette vi har fått kjenning med i vår eksport av fersk fisk, og ikkje minst i vår eksport av frossen fiskefilet i dei siste åra. Resultata av denne strukturendring i fisket generelt sett, vil ein sjå tydeleg hvis ein studerar utviklinga i Storbritannia. Den sterke utbygginga i Storbritannia av fabrikk-skip og frysestrålarar har skapt ein heil revolusjon i det britiske fisket og på det britiske fiskemarked — der ein for tida har ei krise som har vart i lenger tid og som markedet ennå ikkje har vunne over. Det er skapt ein mangel på balanse mellom tilbud og etterspurnad av dei ulike typer fisk og fiskeprodukter. Dette vil truleg ikkje jamne seg ut før store strukturendringar i britisk fiske og fiskeomsetnad er gjennomført. Dette kan koma til å få stor innverknad også på norsk fiske.

Denne utviklinga tok til omkring 1961. I åra frå 1961 til 1965 ble det sjøsett 9 frysestrålarar og fabrikkskip. Storbritannia hadde også nokre få slike frå før. I 1966 blei det sjøsett 13 slike farty, og den mengd sjøfrossen fisk og filet som blei ført i land frå britiske skip steig frå 32 000 tonn i 1965 til 46 000 tonn i 1966. Denne auken skjedde trass i at mange av frysestrålarane som blei sjøsette i 1966 ikkje kom i drift før i slutten av året. I 1967 er det

også blitt sjøsett nye frysetrålalarar. Når alle desse kjem i drift, må ein rekna med at det kvantum som dei vil føre til britiske hamner vil liggja på ca. 60 000 tonn, og vere heilt avgjerande for markedet — ikkje minst når det gjeld prisane.

Prisane har falle på det britiske marked i den seinare tid og importen frå andre europeiske land har gått sterkt ned.

Denne utviklinga som vi har sett i Storbritannia føregår nå meir eller mindre over alt i verda. Den er komen på moten også her i landet. Den nasjon som har drive det lengst på dette område er utan tvil Sovjetsamveldet. Ved å setja inn store nok kapitalar, kan alle land i dag byggja ut ein slik flåte. Spørsmålet om lønsomhet gjeld ikkje lenger i verds-målestokk. Det er berre spørsmål om kapital kan skaffast og om kva slags program ein finn det politisk hensiktsmessig å gjennomføre.

Norge har til denne tid bygd sin fiskeripolitikk på eit grunnlag som er samansett av to deler. Den eine delen er fiskeressursene langs kysten og i havet rundt Norge — dvs. naturgrunnlaget. Ressursene i det nordlege Atlanterhavet elles har også vore eit tillegg til dette grunnlaget. Den andre delen av grunnlaget er at denne næringa skulle vere reservert fiskarane, — det folkeferd som har sin busetnad langs kysten og har fiskerikdomane i havet som den viktigaste naturrikdom.

Nå stig det fram eit anna grunnlag for fiskerinnæringa. Det trengjer seg fram i verds-målestokk og kjem også hit til Norge — ja det er alt kome. Det er også i hovedtrekk samansett av to deler. Den

første delen er den internasjonale fiskeriteknologi med alle sine forgreiningar i form av havforskning, moderne fangstteknikk, moderne produksjonsteknikk og moderne salgsteknikk. Den andre delen er den internasjonale storkapitalen som er nær knytt til den moderne teknologiske utviklinga på alle område, også når det gjeld fisket. Den står i dag ferdig til å utnytte denne teknikken i si jakt etter fortjeneste. Det er denne konflikten norsk fiskerinæring står oppe i i dag.

Korleis skal ein så greie dette problemet?

Etter mi meining må grunnlaget for norsk fiskeripolitikk vere fylgjande:

1. Vi må ta i bruk — men tilpassa til våre norske tilhøve — den moderne fiskeriteknologien både i fangsten, produksjonen, omsetninga og eksporten.
2. Vi må ta godt vare på det naturgrunnlaget som vi har i våre farvatn.
3. Vi må bevare den økonomiske og sosiale struktur som vi har i norsk fiskerinæring.
4. Vi må ikkje la den internasjonale storkapitalen trengja inn i norsk fiskerinæring, men samfunnet må skaffe den kapital som trengs for å bygge opp ei moderne og effektiv fiskerinæring i samsvar med dei prinsipp som eg har nemnt.

Eg kan ikkje gå nærare inn på alt dette nå. Eg vil berre nemne at når det gjeld produksjon, omsetning og eksport, må etter mi meining fleire av salgsorganisasjonane ta seg meir av dette enn dei har

gjort til denne tid. Dei må sterkare inn både i produksjonen og eksporten enn dei er i dag. For at vi skal kunne greie alt dette, og ikkje minst for å kunne verne om naturgrunnlaget, må vi også vere villige til å gjennomføre ei langt sterkare offentleg regulering innan norsk fiskerinæring enn vi har gjort til denne tid.

Alle vil synast at det er rimeleg at fiskeintensiteten og dermed innsatsen i fisket bør stå i rimeleg forhold til sjølve fiskemulighetene og likeins til avsetningsmulighetene.

Til denne tid har det vore den vanlege meining at dette vil regulere seg sjølv. Resonnementet har vore, at dersom det blir fiska for sterkt og fangstmengdene går ned, vil fisket bli ulønsamt og gå tilbake. Dette vil igjen føre til at fiskeforekomstene vil auke og dra etter seg aukande fangst. Ein kan kanskje påstå at dette har verka slik tidlegare, men eg for min part er ikkje så viss på det. Sanninga er truleg den at vi like til for ca. 10—15 år sidan ikkje hadde fiska så mykje på nokon fiskebestand at beskatninga blei for stor. Vi hadde såkalla underbeskatning over alt. Slik var det med vårt skreifiske i Nord-Norge, med det resultat at vi kunne få store fangster av gytande skrei i Lofoten. Det same var tilfelle med vårt vintersildfiske som gjorde at vi kunne få opptil 12 mill. hl gytande vintersild under sesongen.

Det har vist seg at dette resonnement om at til-

passing mellom fiskebestand og fiskeinnsats ville regulera seg sjølv, i alle fall ikkje gjeld i dag. Eit typisk eksempel på dette er kvalfangsten som no snart er slutt som næringsveg for noko land i Vest-Europa. Dersom ein skulle stille strenge krav til lønsemd i dag, ville fangsten alt vore slutt for Norge.

Vi har eit anna mindre, men godt eksempel i det håbrannfiske som blei starta frå Sunnmøre for 7—8 år sida ved Amerika-kysten, og som i dag er slutt på grunn av ein utfiska bestand. I si tid var omkring 30 spesialbygde båtar engasjert i dette fisket. Hadde vi den gongen avgrensa flåten til ca. 10 båtar eller fastsett ein rimeleg maksimumskvote, ville dette fisket truleg vore ei god inntektskjelde for ein slik flåte den dag i dag.

Med den seinare tids tekniske utvikling og med den lettare tilgangen på kapital både i kapitalistiske land og i ikkje-kapitalistiske land, må ein sjå bort frå slik sjølvregulering som ein før trudde på. Den vil føre til tapbringande reduksjon av fiskeressursene og tapbringande kapitalinvesteringar.

Vi må nå slå fast at det finns ei grense for beskatning av alle fiskebestander. Der er ei grense for kor stor fiskeintensiteten kan vere. Ein må då i ein viss grad sjå bort frå fluktuasjonar på grunn av biologiske og oseanografiske forhold, men helst bør ein også ta desse med i vurderinga. Ein burde kunne redusere fiskeintensiteten når bestanden er liten og auka innsatsen når bestanden er stor, men dette let seg ikkje alltid så lett gjere.

Når det gjeld den arktiske torskebestand og den

arktiske hysebestand, veit vi at fiskeribiologane i dei interesserte land — Norge, Sovjet og Storbritannia — for fleire år sidan har slått fast at desse bestandane er overbeskatta.

I 10-års perioden frå 1953 til 1963 var den totale, årlege fangst av alle nasjonar i Barentshavet, ved Bjørnøya og Norskekysten av torsk og hyse ca. 900 000 tonn. I 1964 gjekk den ned til omkring 550 000 tonn. Det var den russiske fangsten som gjekk ned til omtrent halvparten, og nokonlunde det same skjedde med den britiske fangsten. Den norske fangsten var om lag den same. I 1965 var fangstmengdene omtrent dei same, dvs. ca. 580 000 tonn — totalt og likeeins om lag det same for Sovjet og Storbritannia, men noko auke for Norge. Grunnane til nedgangen i 1964 og 1965 var at Sovjet hadde funne at fiskemulighetene i Barentshavet var lite lønsame og tok ein del av sin flåte vekk frå området. Ein stor del av dei britiske trålarane gjekk ikkje dit på grunn av små fangstmuligheter. Dei fiska i andre farvatn i denne tida. I 1966 auka den totale fangsten i området av torsk og hyse til ca. 680 000 tonn. Auken var relativt sterkast for Norge.

I 1966 og 1967 er det ein tendens til at det britiske fiske, kanskje også det russiske, har auka i området og at den betring i fiskebestanden som muligens har skjedd vil bli motverka av eit meir intenst fiske.

Situasjonen er under gransking frå år til år av ein gruppe vitenskapsmenn frå Sovjet, Storbritannia og Norge. Kvart år blir saka diskutert i Kommissjonen for fisket i det nord-austlege Atlanterhav,

som har som oppgåve å passe på at fiskebestandane i dette området ikkje blir overbeskatta. Denne gruppa av havforskarar frå dei tre landa som eg nemnde, har slått fast at den nåverande fiskeintensiteten er for stor i dette området. Teoretiske utrekningar tyder på at ein vil oppnå den største fangstavkasting av torsk og hyse i Barentshavet med ein fiskekapasitet på om lag halvparten av det den er i dag. Gruppa segjer vidare at dette kan ein ikkje oppnå ved fredningstider eller freda område, men berre ved fangstkvote eller avgrensning i fiskeflåten. Ved slike tiltak kan fangsten totalt aukast til ca. 1 mill. tonn mot nå 500 000—600 000 tonn.

Til denne tid har ein ikkje greidd å koma fram til forslag om reguleringar som alle kan bli samde om, men dette spørsmålet står på dagsordenen framleis.

Når det gjeld silde- og makrellbestanden i Nordsjøen, har ein kanskje ennå ikkje hatt noko sikkert grunnlag for å fastslå at beskatningen er blitt for stor, men det er god grunn til å vere alvorleg redd for at så er tilfelle. I alle fall er situasjonen den at dei store fangstmulighetene som det moderne ringnotfiske har skapt, bl. a. i Nordsjøen, har ført til auke i den norske flåten, slik at ein i alle fall kan seie at det er ulønsamt for Norge og delvis ulønsamt for den enkelte båteigar at fisket blir drevet med ein så stor kapasitet som i dag. Kapasiteten er utan tvil større enn fangstmulighetene tilseier, og den er langt større enn den burde vere når ein tek omsyn til avtaksmulighetene.

Havforskarane våre reknar med at den optimale

fangst av nordsjøsild frå Nordsjøen og Skagerak sannsynligvis vil liggje på litt over 7,5 mill. hl pr. år i gjennomsnitt, og at det er urealistisk å rekne med at ein i lengda kan tappe Nordsjøen for like store kvanta som i 1965. I det året blei det av alle nasjonar fiska i alt 13 mill. hl i Nordsjøen og Skagerak. Av dette tok Norge ca. 55 %. Sannsynligvis vil totalkvantumet i åra framover stabilisere seg på ca. 7,5—9 mill. hl. Reknar ein med aukande konkurranse frå andre nasjonar og at vår del av totalfangsten vil liggje på ca. 50 %, vil det svare til ein årleg fangst på ca. 4 mill. hl frå Nordsjøen.

Når det gjeld makrellen, meiner ein at beskatninga i 1965 låg på 30—40 %. Dette skulle i og for seg ikkje tyde på overbeskatning. I 1966 var beskatningen 40—50 % eller 10 % meir enn året før, og det var serleg dei eldre årsklassane som blei reduserte. Det var sjølvstøtt auken i snurpefisket som ga dette utslaget. Makrellforskarane er av den meining at beskatning av den storleik som ein hadde i 1965 på vel 5 mill. hl, vil kunne føre til overbeskatning i våre farvatn. Ved utgangen av oktober i år hadde ein fiska nærare 8 mill. hl.

Når det gjeld vintersilda, reknar ein med at fisket fram til 1970 vil kunne gi eit årleg kvantum på 4—6 mill. hl avhengig av værtilhøva. I 1966 og 1967 blei det fiska 5 og 4 mill. hl. Etter 1970 reknar ein med dårleg rekruttering på grunn av dårlege yngelår i dei seinare år. Fangsten av vintersild under vintersildfisket vil då sannsynligvis gå ned.

Slik som fisket etter råstoff til mjøl- og oljeindustrien har utvikla seg, er det stort sett den same

flåten som fiskar på alle bestandar av sild, makrell og lodde. Som peikt på tidlegare, er dei oppfiska kvanta i dei seinaste åra større enn det ein kan rekne med å ta på lengre sikt utan å overbeskatte enkelte bestandar. På denne bakgrunn kan det vere på sin plass å tenkje på avgrensning av den fiskeinnsatsen som representerast av den store og effektive ringnotflåten.

Ei avgrensning av fiskeinnsatsen kan prinsipielt skje ved å avgrensa flåten eller ved å avgrensa fiskemulighetene for flåten, f. eks. ved fiskestopp, kvoter osv. eller ved ein kombinasjon av desse metodar. Val av metodar for avgrensning av fiskeinnsatsen vil avhenge av kva ein tilsiktar når det gjeld lønsemd, sysselsetting m. v.

Dersom eksempelvis «gjennomsnittssnurparen» skal drive lønsamt, det vil segje ha full kostnadsdekning, viser granskingane våre for 1966 og 1967 at den må ha ei årleg fangstinntekt på ikring 1,1—1,2 mill. kroner. I 1966 var gjennomsnittsinntekta til dei heilårsdrivne ringnotsnurparane om lag 1,6 mill. kroner pr. båt. Kor stor fangstmengd dette svarar til avheng av førstehandsprisane. Med dei førstehandsprisane ein hadde i 1966 og 1967, dvs. om lag kr. 28—29 i 1966 og kr. 18—19 pr. hl i 1967, vil dei fangstkvanta som trengs for lønsam drift liggje på ca. 40 000 hl i 1966 og ca. 60 000 hl pr. farty i 1967. Dersom ein går ut frå at det totale kvantum industriråstoff som ein kan rekne med å ta på lengre sikt vil liggje på om lag 18—20 mill. hl, vil det svare til lønsam drift for om lag 500 gjennomsnittssnurparar i 1966 og 330 i 1967. Ein

må i denne samanheng vere merksam på at ein ringnotflåte på 330 heilårsdrivne farty vil ha ein potensiell fiskekapasitet på meir enn 20 mill. hl pr. år, dersom ein legg til grunn dei fangstmengder som sannsynligvis ville blitt oppnådd i 1965 og 1966 utan stopp i fisket. I desse åra låg gjennomsnittsfangsten pr. heilårsdrive ringnotfarty på 50 000 hl i 1965 og 60 000 hl i 1966, og ein må gå ut frå at gjennomsnittsfangsten kunne ha vore større utan avgrensing i fisket.

Når det gjeld dei økonomiske resultat av ringnotfisket dei seinare år, viser granskingane at lønsemda var god i 1965 og 1966. I 1966 låg den gjennomsnittlege fangstinntekt på om lag 1,6 mill. kroner pr. farty.

I 1967 er situasjonen ein annan på grunn av den sterke nedgangen i førstehandsprisane på industriråstoffet. Ein kan rekne med at gjennomsnittsinntekta for heilårsdrivne ringnotsnurparar truleg vil bli om lag 1 mill. kroner pr. farty i 1967.

Vi veit at den reelle lønsemd i visse deler av vårt fiske er låg, slik at det har vore turvande å gi støtte for å halde eit rimeleg inntektsnivå for den enkelte fiskar. Hvis ein kan redusere fiskeinnsatsen og dermed dei totale kostnader utan samtidig å redusere det totale utbytte, vil dette føre til tilsvarende auke i den totale lønsevna og endå meir ein auke i lønsemda for den enkelte. Kan ein reduksjon i den samla fiskeinnsatsen endåtil føre til eit auka totalutbytte på lengre sikt, slik som det er sagt i vitenskap-

lege utgreiingar for enkelte fiske, f. eks. når det gjeld torske- og hysefisket i Barentshavet, skulle føre-
nunenene med ein reduksjon av fiskeinnsatsen vere heilt
lagde. Her rører vi ved det røynelege problem om
emnd i norsk fiske, — og også i fisket internasio-
sett.

fram til det spørsmålet som har vore
i fiskeriadministrasjonen i det siste, nemleg
ei regulering av fiskeintensiteten, spesielt
av regulering av flåten. Ei slik regulering
at investeringane og bruken av
stå i rimeleg forhold til dei fiske-
avtaksmuligheter som ein har,
arkedsmuligheter som ein må

mer for å regulere fiske-
rense det kvantum som
e fiskesorter, eller å av-
fisket. Den første form
voteregulering. Den siste
kvantitetsregulering.
om av desse to

, spesielt i

Atlanter-

regioner for regu-

at. Det

m dei

in bør

Struk-

er vil

til det andre at det kan vere vanskeleg å bruke den same forma for fleire land for å verne om ein bestand som fleire land fiskar på. Vi her i Norge har i dei internasjonale drøftingane om desse spørsmåla hevda at det mest høvelege ville vere å fastsetja eit totalkvantum for kvar fiskebestand og dele dette kvantum i kvoter på dei interesserte land. Det blir då det enkelte land si sak gjennom ei nasjonal regulering å dele kvoten på dei einskilde fiskarar eller grupper av fiskarar.

Andre land har halde sterkt på at den einaste regulering som dei kan tenkje seg å gå med på, er å regulere innsatsen, dvs. størrelsen på flåten. Bl. a. har Storbritannia hevda dette synspunktet sterkt.

Vi her i Norge ser slik på det at jamvel om ein internasjonalt skulle få ei regulering i form av eit maksimalt totalkvantum fordelt på nasjonale kvoter, må vi i samband med den nasjonale regulering som må til, også ta med regulering av flåten. Vi er m. a. o. komne til det resultat her i Norge at vi må bruke ein rimeleg kombinasjon av begge deler.

Uansett om ein brukar den eine eller den andre form for regulering som eg her har nemnt, eller ein kombinasjon av begge, er det visse grunnleggjande prinsipp som ein må slå fast før ein kan gå til ein effektiv detaljert regulering.

Det er for det første spørsmålet om kva prinsipp ein skal leggje til grunn når ein fastset fiskeinnsatsen eller det totale fangstkvantum. Skal ein berre sjå på dei spesielle fiskeressursene og kva dei kan yte utan å bli varig svekte? Eller skal ein leggje størst vekt på produksjonskapasiteten eller omset-

ningsmulighetene. Serleg det siste omsynet kan by på mange vanskelege problem. Kor mykje kan vi selje dersom vi går ned med prisen? Vi har også det problem at hvis vi reduserer kvantumet, kan vi halde høgare prisar, og kanskje få eit totalt sett større økonomisk resultat.

Personleg meiner eg at det her blir spørsmål om ei rasjonell og praktisk vurdering. Vi må ta omsyn både til fangstmulighetene og til omsetningsmulighetene, og vi må leggje vekt på at både fisket og fiskeindustrien skal arbeide under rimelege økonomiske vilkår.

Ein avgjerande faktor når det gjeld langsiktig regulering er at havforskarane våre er i stand til å utarbeide pålitande prognoser for fiskeforekomstene i rimelege perioder framover. Vi må leggje avgjerande vekt på kor mykje ein fiskebestand er i stand til å yte utan å bli varig svekt. Dette må vere den maksimale beskatning. Andre faktorar bør då kome inn og i tilfelle føre til reduksjon av den avkastning som er maksimal reint biologisk sett.

Vi kan også ha to ulike utgangspunkt for ein slik regulering. Vi kan få ein internasjonal avtale, som f. eks. går ut på at det totale kvantum blir fastsett. Då er det vår oppgåve å regulere vår fangst innanfor denne avtalen og det kvantum som er fastlagt. Men det kan også tenkjast at vi i eiga interesse kan finne det høveleg å avgrense vår eigen fangst jamvel om det ikkje er noko internasjonalt vedtatt avgrensing. Dette siste trur eg nå er aktuelt når det gjeld sildefisket i Nordsjøen og kanskje spesielt makrellfisket i Nordsjøen, der vi er den nasjon som serleg beskattar denne forekomsten.

Konklusjonen er at vi må ha myndighet til å regulere på fylgjande område:

1. Vi må kunne regulere størrelsen av den fiskeflåten som til kvar tid skal drive dei ymse fiske. Dette betyr ikkje at ein i og for seg skal regulere alle fiske, men berre dei der ein finn det er naudsynleg. For å kunne avgjere dette må fiskarorganisasjonane vere med slik at dei reguleringar som blir gjort blir akseptert av fiskarane. I denne samanhengen må ein også kunne stille visse tekniske krav til dei enkelte farty.

Lovbestemmelsene må bli eit instrument som tener til å gjere flåten teknisk moderne og rasjonell, og samtidig gjere det lettare å få ut av fisket gamle og lite rasjonelle farty.

2. I tillegg til det som er sagt under punkt 1, må vi også ha myndighet til å regulere fangstmengdene både av omsyn til avtaket, markedsmulighetene og til kva den enkelte fiskebestand kan tåle av fangst for å kunne gje eit rimeleg varig utbytte. Når det gjeld regulering av omsyn til avtaket og like eins markedsmulighetene må salgsorganisasjonane ha full myndighet til å gjennomføre slike reguleringar på kort varsel dersom det trengs. Reguleringar som må gjennomførast av omsyn til å bevare bestanden eller for å fylle forpliktelser som vi har påtatt oss i samband med internasjonale avtaler, må gjennomførast av fiskerimyndighetene i samarbeid med fiskarorganisasjonen.

Eg vil gjerne understreke at det må visast eit godt praktisk skjønn ved gjennomføringa av slike reguleringar som eg her har nemnt. Men etter mi

røynsle skulle det ikkje vere så vanskeleg når ein berre syter for at fiskarorganisasjonen alltid er med på dette. Ein må kunna gå ut frå at den kjenner sitt ansvar.

Nå er vi på ingen måte utan lovhjæmmel til å kunne regulere fisket i ein viss grad. For å kunne regulere fangsten av omsyn til å verne om fiskebestandene, eller når internasjonale avtaler krev det, har vi lovhjæmmel i lov av 17. juni 1955 om saltvannsfiskeriene, og like eins når det gjeld sild- og brislingfiskeriene i lov av 25. juni 1937. I lova om eigedomsrett til fiskefarty av 29. juni 1956, har vi også ein viss hæmmel til regulering av flåten, men den rekk ikkje langt nok når det gjeld dei problem som vi nå står framfor. Det same har vi i ein viss grad i lova om fiske med trål. Når det gjeld regulering av fangsten av omsyn til avtaket har vi ein viss lovhjæmmel i råfisklova.

Lova om eigedomsrett til fiskefarty er midlertidig og går ut i juni neste år. Ein må rekne med at fiskarorganisasjonen vil krevje at denne lova blir nya oppatt, og at det kanskje også blir gjort krav og ein viss revisjon av lova. Med sikte på dette tok eg opp spørsmålet med statsråden for 1/2 års tid sidan og peikte på at ein ved oppattnying av lova og eventuelle mindre revisjonar også kunne setja inn nye paragrafar som ga myndighetene hæmmel til å avgrense investeringane i flåten når situasjonen tilsa det, og som like eins ga hæmmel til å gje konsesjon til å driva visse slag fiske og til å rusta ut fiskebåtane for visse fiske.

Fiskeridepartementet har sagt seg samd i tanken

og bedt om at spørsmålet blir nærare utgreidd og om å få seg forelagt framlegg til revisjon av lova, slik som eg har nemnt. Eit slikt framlegg er sendt til departementet og eg reknar med at saka vil bli lagt fram for fiskarorganisasjonane så snart som mulig etter at departementet har studert dei framlegg som vi har lagt fram.

Dei 3 nye paragrafane som vi gjer framlegg om i lova er:

§ 6.

Hvis det anses påkrevd for å hindre overbeskatning av fiskebestandene eller for å sikre en forsvarlig teknisk og økonomisk utbygging av fiskeflåten og en rasjonell utnyttelse av fiskeressursene eller når internasjonale avtaler om en begrensning av fiskekapasiteten tilsier det, kan Kongen bestemme at for å drive fiske med fartyer over skal det i tillegg til oppfyllelsen av de krav som er fastsatt i §§ 3 og 4, kreves spesiell tillatelse av vedkommende departement. Kongen fastsetter de nærmere vilkår for slik tillatelse.

En slik bestemmelse kan begrenses til spesielle fiskerier, spesielle fiskemetoder eller spesielle områder eller tidsrom.

§ 7.

Før bestemmelse treffes i medhold av § 6, skal det innhentes uttalelse fra et utvalg med representanter for fiskernes faglige organisasjoner. Kongen treffer nærmere bestemmelser om dette utvalgs sammensetning og arbeidsordning.

Kongen kan også bestemme at tillatelse til å drive fiske i henhold til de fastsatte vilkår skal gis på grunnlag av innstilling fra foran nevnte utvalg.

§ 8.

Ved fastsettelsen av de nærmere vilkår for tillatelser i medhold av § 6 og ved utferdigelse av slike tillatelser, skal det bl. a. legges spesiell vekt på den tid vedkommende har deltatt i angjeldende fiske, vedkommendes faglige og tekniske forutsetninger (herunder fartøy og utstyr) og avhengighet av å kunne fortsette i fisket.

A.s John Griegs Boktrykkeri